



Leif Arne Risa  
Torrvikvegen 62  
4250 KOPERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2830 - 20/28265

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
14.05.2020

## Ferdigattest - parkeringsplass, utsleppsanlegg og mur gbnr 169/7 Eikeland Nordre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 504/20  
**Tiltakshavar:** Leif Arne Risa  
**Ansvarleg søkjar:** Lindås VVS NT AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for parkeringsplass, utsleppsanlegg og støttemur på gbnr 169/7.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka DS 99/16 2013/1213, datert 18.07.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.01.2020 og supplert 12.05.2020.

### Skildring

Adresse:	Ikeland 90
Bygningstiltak:	Parkeringsplass, minireinseanlegg og mur

Bygningsnummer:	
Bruksareal:	
Avlaup:	Privat minireinseanlegg
Vatn:	
Tal på røykløp:	

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2830

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om ferdigattest  
Søknad om ferdigattest - gbnr 169/7 Eikeland Nordre

### Kopi til:

Lindås VVS NT AS

### Mottakarar:

Leif Arne Risa

Torrvikvegen 62 4250

KOPERVIK

